



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Vår ref:**

24/38-5

**Dykkar ref.****Dato:**

15.03.2024

## Forslag til nytt område for obligatorisk opplæring i førarkort klasse S

### Robjørgane Stryn kommune

## Innleiing

Stryn kommune ynskjer å foreslå eit nytt område for obligatorisk opplæring i førarkort klasse S i Robjørgane. Området vi føresler strekk seg frå innmark om lag 450 moh. til fjellandskap om lag 750 moh. Området har ein storleik på 1200 dekar og rører ved eigedomane; gbnr. 141/1 og 142/1. Vi har greia ut og vurdert relevante omsyn:

- Miljø, naturmangfald og friluftsliv, som mellom anna omfattar;
  - Støy
  - vedtekne eller føreslegne verneområde eller nasjonale villreinområde
  - bustad- og hytteområde, landskap, kulturminne og kulturmiljø
  - verknad for friluftsliv og naturmangfald i influensområdet
  - miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova.
- Tryggleik som mellom anna omfattar;
  - Skredfare
  - Vêrtilhøve
  - mobildekning.
- Eigna område som mellom anna omfattar;
  - Snøtilhøve
  - øvingsmoment i læringsplanen
  - tilkomst og geografisk nedslagsfelt / kundegruppe.

Vi meiner, med bakgrunn i vurderingane som er gjort, at området i Robjørgane eignar seg godt til føremålet. Både grunneigarar og interesseorganisasjonar er positive til å få etablert eit slikt område i

Stryn kommune, og erfaringane frå dei midlertidige kursa som vart haldne der under covid-pandemien var svært positive.

Vi gjer merksame på at kartutsnitta i dette dokumentet først og fremst er til for å illustrere og framheve ulike aspekt, t.d. registrerte raudlista artar, verneområde, aktsemdsområde osv.

Avgrensinga til det føreslegne område kan difor variere noko i dei ulike karta. Den endelege og faktiske avgrensinga av området vi føreslår går fram av vedlagt kart.

# Innhald

|   |    |
|---|----|
| Innleiing .....   | 1  |
| Eigna område.....   | 4  |
| <b>Tilkomstveg</b> .....                                      | 5  |
| <b>Parkering</b> .....  | 5  |
| <b>Geografisk nedslagsfelt</b> .....                          | 6  |
| <b>Snøtilhøve</b> .....                                       | 7  |
| Miljø, naturmangfald og friluftsliv .....                     | 10 |
| <b>Verknad for friluftsliv og naturmangfald</b> .....         | 10 |
| <b>§ 8 Kunnskapsgrunnlaget</b> .....                          | 10 |
| <b>Naturtypar og landskap</b> .....                           | 10 |
| <b>Raudelista artar</b> .....                                 | 11 |
| <b>Berggrunn og lausmassar</b> .....                          | 11 |
| <b>Hjortetrek</b> .....                                       | 12 |
| <b>§ 9 Førre-var-prinsippet</b> .....                         | 13 |
| <b>§ 10 Belastning på økosystemet</b> .....                   | 13 |
| <b>§ 11 Kostnadane ved miljøforringelse</b> .....             | 14 |
| <b>§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar</b> ..... | 14 |
| Støyvurdering .....   | 15 |
| <b>Maksimalstøynivå – L5AF</b> .....                          | 15 |
| <b>Støy frå snøskuter</b> .....                               | 15 |
| <b>Grenseverdi og buffersone</b> .....                        | 16 |
| <b>Det føreslegne området</b> .....                           | 16 |
| <b>Konklusjon av støyvurderingane</b> .....                   | 20 |
| Kulturmiljø og verneområde .....                              | 21 |
| <b>Bustad- og hytteområde</b> .....                           | 21 |
| <b>Villrein- og verneområde</b> .....                         | 21 |
| <b>Kulturminne og kulturmiljø</b> .....                       | 22 |
| Tryggleik .....   | 23 |
| <b>Skredfare</b> .....  | 23 |
| <b>Aktsemdsområde</b> .....                                   | 24 |
| <b>Skredhendingar</b> .....                                   | 26 |
| <b>Vurdering</b> .....  | 26 |
| <b>Vêrtilhøve</b> .....                                       | 26 |
| <b>Nedbør</b> .....   | 27 |

|  |    |
|--|----|
| <b>Temperatur</b> .....                  | 27 |
| <b>Vind</b> .....                        | 28 |
| <b>Mobildekning</b> .....                | 28 |
| Innspel frå interesseorganisasjonar..... | 29 |
| Kjelder: .....                           | 30 |

# Eigna område

## Tilkomstveg

Den einaste naturlege innfallsporten til det føreslegne området er via kommunal veg fram til gardstunet på Haugen. Området ligg i Robjørgane, på nordsida av fjorden i Stryn kommune. Det ligg berre 11,5 km frå Stryn sentrum og det tek ca. 15 min med bil frå sentrum. Frå sentrum køyrer ein på riksveg 15 til ein tek av til fylkesveg 5742, før ein igjen tek av til kommunal veg ved Robjørgane det siste stykket.



Figur 1: Køyreveg frå Stryn sentrum til det føreslegne området ved Haugen gard. Kjelde: Kommunekart.

Heile vegen frå sentrum fram til garden på Haugen, er på riksveg, fylkesveg og kommunal veg. Dette betyr at vegen alltid skal vere vinterbrøytta heilt fram. Det understrekast likevel at det siste stykket (kommunal veg) kan vere utfordrande vinterstid, sjølv når vegen er brøytta. Ifølgje grunneigar på gbnr. 142/1; Even Andreas Dispen, bør ein ha firehjulsdriven bil for å vere sikker på å ta seg uhindra fram, spesielt dersom ein har hengar med snøskuter for eksempel. Vi ser det uansett som ein stor fordel at heile vegen er kommunal, riks eller fylkesveg og difor alltid skal vere brøytta.

## Parkering

Det er ingen offentleg parkeringsplass ved innfallsporten til det føreslegne området. Grunneigar på gbnr.142/1 Even A. Dispen stiller delar av gardstunet til disposisjon som parkeringsareal for eventuelle tilreisande kurshaldarar, med ei tiltenkt liknande ordning som ved det tilsvarende området i Voss. Areala er store nok til at fleire bilar med hengar kan parkerast her, og parkering er difor ikkje venta å bli eit problem. Det er også ein stor fordel at ein ikkje er avhengig av å køyre snøskuter inn til sjølve området, her kan ein parkere med bil rett ved området.

Her er også overnattingsmoglegheiter i utleiehytter rett ved det føreslegne området, og elles i Stryn sentrum. Dette er ein stor fordel for eventuelle tilreisande.



Figur 2: Parkeringsareal markert i blått, røde hus-symbol markerer overnattingsmoglegheiter nær det føreslegne området for snøskuteropplæring.

### Geografisk nedslagsfelt

Det føreslegne området ligg i Robjørgane på nordsida av fjorden, vest for Stryn sentrum. Dei næraste eksisterande områda for obligatorisk opplæring i førarkort klasse S er i dag i Holbygda i Voss kommune, og i Haltdalen i Holtålen kommune. Dette er høvesvis om lag fem og sju timar bilkøyring unna Stryn. Det føreslegne området i Robjørgane ligg sånn sett forholdsvis midt mellom dei eksisterande områda. Vi forventar difor at det føreslegne området vil kunne dekke behovet for


obligatorisk snøskuteropplæring for ein stor region; gamle Sogn og Fjordane og store delar av Møre og Romsdal.



Figur 3: Omtrentleg plassering av dei eksisterande områda godkjend for obligatorisk snøskuteropplæring (oransje) og det føreslegne området i Robjørane (raud). Kjelde: Kommunekart.


## Snøtilhøve

For å vurdere snøtilhøva i området vart temakrat og historiske data frå SeNorge lagt til grunn. Stryn får som store delar av Vestlandet store mengder nedbør i løpet av eit år, også om vinteren. Det føreslegne området strekk seg frå om lag 450 moh. til om lag 750 moh. Dette betyr at mesteparten av nedbøren som kjem i vinterhalvåret fell som snø. Ifølgje historiske data frå SeNorge har ein dei siste 30 åra (1991-2020) hatt mellom 100-200 dagar i året med meir enn 25 cm snø i så nært som heile området.



Figur 4: Tal dagar i løpet av eit år der snømengda er på meir enn 25 cm. Temakartet er basert på data frå åra mellom 1991-2020. Kjelde: SeNorge.


Normalt sett er det meir enn nok snø i området for å kunne køyre snøskuter på forsvarleg måte utan å skade marka. Dei siste 30 åra har nemleg gjennomsnittleg snødjupne i området variert frå 25-50cm i dei lågareliggande delane av områda til 150-200 cm i dei høgareliggande. Det må sjølvsagt vurderast før kvart kurs skal haldast om snøforholda er tilstrekkelege, men normalforholda tilseier at området eignar seg godt.



Figur 5: Gjennomsnittleg årleg snødjupne. Temakartet er basert på data frå åra mellom 1991-2020. Kjelde: SeNorge.



Sjølv om området eignar seg godt, basert på data frå dei siste 30 åra, er det også viktig å ha eit blikk framover. Tal på snø dagar (dagar med snø på bakken) i løpet av eit år er venta å verte kraftig redusert i framtida. Mellom 2031-2060 er det venta at tal snø dagar i løpet av eit år kan verte redusert med så mykje som 30-90 dagar. Dette er derimot ein fellesnemnar for stort sett alle tilsvarande område i same høgdelag, og ikkje spesifikt for det føreslegne området.



Figur 6: Figur 3 Forventa endring i snø dagar i perioden 2031-2060 for delar av Vestlandet samanlikna med dagens situasjon. Kjelde: SeNorge.

Sjølv om det er forventa ein reduksjon i tal snø dagar i framtida, vil det framleis vere tilstrekkeleg med snø i området til å kunne køyre med snøskuter. Ein må uansett rekne med at perioden med tilstrekkelege snøforhold kan verte noko avkorta. For å finne område med meir stabile snøforhold må ein høgare i terrenget. Dette betyr gjerne meir vêrutsette og meir rasfarlege område. Tilkomst til sjølve området ville også vorte ei utfordring.

Snøforholda er per i dag meir enn tilstrekkelege til det tenkte føremålet. Dei siste 30 åra har det i gjennomsnitt vore mellom 100-200 dagar med meir enn 25 cm snø i området, og gjennomsnittleg snødjupne varierer frå 25-200cm.

# Miljø, naturmangfald og friluftsliv

## Verknad for friluftsliv og naturmangfald

Friluftslivet vil verte negativt påverka i det føreslegne området og nærliggande område på grunn av støy. Detaljert støyvurdering er skildra i kapittelet om støy. Vi meiner at det vil ha liten negativ påverknad for friluftslivet i kommunen som heilheit. Vi vurderer at støy frå snøskuterkøyring er det som potensielt kan påverke naturmangfaldet i størst grad også. Difor har vi gjort vurderingar opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova.


## § 8 Kunnskapsgrunnlaget

For å vurdere landskap, naturtypar og artsmangfald i tilknytning til det føreslegne området, er eksisterande kunnskap gjennom Artsdatabanken, Naturbase, NVE og NGU sine karttenester lagt til grunn.

## Naturtypar og landskap

Det føreslegne området har ei kupert landskapsutforming med jamn stigning frå gardstunet på Haugen ca. 450 moh., mot dei høgareliggande områda i retning Storevatnet vest for det føreslegne området ca. 750 moh. I dei lågareliggande delane av området er det bærlyngskog med furu som det dominerande treslaget, og myrlendt landskap. Mot dei høgareliggande delane av området endrar naturen seg gradvis til open grunnlendt mark, med spreidde førekomstar av furu.

Det er ikkje registrert naturtypar med viktig verdi eller av nasjonal forvaltningsinteresse innanfor det føreslegne området. Det er derimot registrert blant anna slåttemark rundt tilkomstvegen til området, men det er ikkje venta at denne vil verte påverka på nokon måte. I same område er det registrert fleire artar av nasjonal forvaltningsinteresse; alm *Ulmus glabra*, bleikdoggnål *Sclerophora pallida* og brunburkne *Asplenium adulterinum*. Tilkomsten går føre seg på kommunal veg inn til sjølve området, det er difor ikkje forventa at desse registrerte artane, eller naturtypar i nærliggande område vil ta skade på nokon måte.



Figur 7: Det er ingen registrerte naturtypar med høg verdi eller nasjonal forvaltningsinteresse i det føreslegne området. Her er dei ulike naturtypane farga etter KU-vurdering. Mørkeraudt er svært viktige naturtypar. Kjelde: Naturbase.


### Raudelista artar

I følgje Artsdatabanken er det gjort ei einiskild registrering av granmeis *Poecile montanus* (VU-sårbar), elles er ingen raudelista artar registrert i området. Det er også registrert storfugl *Tetrao urogallus* (LC-livskraftig) rett utanfor området. Sjølv om det ikkje er registrert observasjonar av rype i artsdatabanken sine kart, er det naturleg å anta at det kan finnast førekomstar av både fjellrype *Lagopus muta* og lirype *Lagopus lagopus* i og rundt det føreslegne området.

### Berggrunn og lausmassar

Lausmassane i området består stort sett av morenejord, torv og myr i nær sagt heile området. Glimmergneis er den dominerande bergarten i underlaget med spreidde førekomstar av ultramafiske djupbergartar. Desse bergartane er svært kalkfattige. Kalsium i berggrunnen og jordsmonnet vert ofte nytta som indikator for naturmangfald, der kalkrik grunn gjerne fører med seg eit større naturmangfald.


At det er kalkfattige bergartar i heile det føreslegne området indikerer at det er mindre sannsynleg med eit stort artsmangfald, og at sårbare næringskrevjande artar er utbreidd i området. Typiske artar ein finn på kalkfattig grunn er furu, gran, blåbær, tyttebær, røsslyng, krekling osv. Dette gjenspeglast i naturtypane og artane vi finn i området.



Figur 8: Berggrunnen i området. Det er berre glimmergneis (lys grønn) og ultramafiske djupbergartar (lilla) i området. (Kjelde: NGU)

## Hjortetrekk

Tidleg på 2000-talet vart det gjennomført eit merkeprosjekt der ein merka hjort for å få betre innblikk i beiteområde og trekkruiter. Resultata frå prosjektet gjev ikkje eit fullstendig bilete over alle beiteområde og nøyaktige trekkruiter, men gjev likevel ein god peikepinn. Ei av trekkrutene går gjennom fjellområdet rundt det føreslegne området for snøskuteropplæring. Det er likevel ikkje forventa at dette vil skape konflikt i særleg grad då hjorten normalt trekk nedover mot fjorden tidleg på vinteren (november/desember).



Figur 9: Kartlagde trekkvegar for hjort i Stryn kommune, utarbeida i samband med «Merkeprosjekt Nordfjord - Delrapport 2000 – 2007».

## § 9 Føre-var-prinsippet

At det ikkje er registrert raudelista artar (utanom ei registrering av granmeis) eller truga naturtypar i det føreslegne området, er ikkje synonymt med at det ikkje finnast. Det kan sjølvstgatt ikkje utelukkast at raudelista artar veks/oppheld seg i området, utan at dei er registrert i digitale karttenester.

Vi meiner likevel at eksisterande data og generell kunnskap om området dannar eit godt nok kunnskapsgrunnlag til at føre-var-prinsippet ikkje treng å vektleggast i særleg grad.

## § 10 Belastning på økosystemet

Køyring med beltegåande køyretøy er betydeleg meir skånsamt på snødekt mark enn på barmark. Snøskuteropplæring i det føreslegne området kjem sjølvstgatt berre til å gå føre seg når snøforholda tillèt det. Snøforholda i området er gode til føremålet, og ein kan normalt forvente tilstrekkeleg med snø frå november/desember til og med april. Vi forventar difor ikkje at snøskuterkøyring i avgrensa periodar vil føre til varig skade på marka på nokon måte.

Støy frå snøskuterkøyring kan derimot potensielt påverke økosystemet negativt i større grad. Om vinteren og våren er dyr generelt meir sensitive og stresspåverka, av naturlege årsaker. Spesielt

hekkesesongen for fuglar og trekkperioden for hjortedyr må takast særleg omsyn til. Hekkesesongen for ryper startar gjerne i overgangen april/mai, og det bør etter dette ikkje køyrast med snøskuter i det føreslegne området. Hjorten trekk normalt nedover mot fjorden tidleg om vinteren, og ein bør forsøke å redusere skuterbruken i området i denne perioden også (november/desember).

Det må gå tydeleg fram frå ei eventuell forskrift kva tid området er ope for obligatorisk snøskuteropplæring. Med omsyn til dyrelivet i området, spesielt hekkesesongen for ryper, bør det ikkje køyrast med skuter etter april månad, helst minimalt også i siste del av april. Støy frå skuterkøyning i hekkesesongen vil føre til ein uforholdsmessig stor negativ påverknad på økosystemet.

Vi vurderer, med atterhald om at ein tek omsyn til hekkesesongen og trekkperioden for hjort, at skuterkøyning i avgrensa periodar og omfang ikkje vil føre med seg store negative konsekvensar for økosystemet totalt sett.

### **§ 11 Kostnadane ved miljøforringelse**

Vi meiner som sagt at det, med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget, er svært lite sannsynleg at naturmangfaldet vil verte negativt påverka i nemneverdig grad. § 11 i naturmangfaldlova treng difor ikkje vektleggast.

### **§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar**

Det er ikkje mogleg å drive obligatorisk opplæring i førarkort klasse S utan å køyre med snøskuter. Vettig og miljømessig bruk av snøskuter er også ein del av opplæringa som eventuelt skal gå føre seg i området. Det er difor ikkje noko å merke seg angående driftsteknikkar. Snøskuter skal og må bli brukt til køyring på snødekt mark, både på innmark og utmark. I og med at det berre er profesjonelle aktørar som kan tilby snøskuteropplæring i det føreslegne området, går vi ut ifrå at skuterkøyninga vil vere driftssikker, miljøforsvarleg og elles i tråd med lover og forskrifter for motorisert ferdsel i utmark.

Når det kjem til driftsmetodar kan ein med fordel syte for å unngå snøskuteropplæring i periodane som er omtalt over. Helgar der det er forventa auka friluftaktivitet, eksempelvis i påska, bør ein så langt som mogleg unngå å halde kurs. Ein må også syte for å unngå at fleire køyreskular arrangerer kurs samstundes slik at det bli for mange aktørar i området på same tid. Dette vil medføre eit høgare støynivå, som betyr unaudsynt stor negativ påverknad for naturmangfald og friluftsliv.

Dette er derimot ikkje umogleg å få til i praksis. Om ein legg opp til god dialog mellom t.d.; grunneigarar, trafikkskular, kommunen, SNO, Røde Kors og eventuelt politiet, skal ein nok i samråd

klare å kome fram til dei mest miljøforsvarlege måtane å halde obligatorisk opplæring i førarkort klasse S på.

## Støyvurdering

Fordi det ikkje skal etablerast faste løypetrasear for snøskuterkøyring er det vanskeleg å vurdere nøyaktig støypåverknad innan det føreslegne området. Vi har difor føretatt ei generell vurdering av:

- Kva støy ein kan forvente
- Kor store område som kan bli påverka av støyen, basert på topografi, vegetasjon og vêrforhold
- Potensielle konsekvensar av støyen

For å vurdere påverknadane frå støy er føringane i rettleiinga frå Miljødirektoratet (Veiledning – støy og planlegging av snøskuterløyper), og rapportar frå SINTEF lagt til grunn. Rettleiaren er for etablering av faste snøskuterløyper, og alt er difor ikkje direkte overførbart til vårt arbeid. Mange element er uansett svært relevante å vurdere også ved fastsetting av øvingsområde for snøskuter, spesielt avstand til bustad/hyttefelt og konsekvensar av støy for friluftslivet.

### Maksimalstøynivå – L5AF

Det er rimeleg å anta at støyen frå det føreslegne området vil vere knytt til gjentakande enkelthendingar; dei gongane det vert gjennomført praktisk snøskuteropplæring. Dette betyr at det er den enkelte bruken av snøskuter (ein eller fleire samla) som er utslagsgjevande for støyeksponeringa til områda rundt, og ikkje gjennomsnittet av aktiviteten over ein lengre periode. Vi nyttar difor maksimalverdiane (L5AF) på støy som indikator.

L5AF er det A-vegde nivået målt med tidskonstant «Fast» på 125 ms som overskridast av 5 % av hendingane i løpet av ein nærare gitt periode, dvs. eit statistisk maksimalnivå i forhold til tal hendingar (Miljødirektoratet, 2018).

### Støy frå snøskuter

Kor mykje støy ein snøskuter avgjer er avhengig av kva type det er snakk om (2-takt, 4-takt), årsmodell og måten den blir brukt på. Eldre modellar har gjerne svært høgt lydnivå, potensielt opp mot 100 dBA, medan nyare modellar gjerne ligg mellom 70-75 dBA. Køyring i bratt oppoverbakke eller med full gass vil også føre til høgare støynivå enn moderat køyring på flat mark. Vi tek utgangspunkt i målingar frå SINTEF som seier at 15m frå støykjelda vil snøskuter føre til:

Kjøring i normalt småkupert terreng L5AF 73 dB

Kjøring i åpent terreng (for stor hastighet) L5AF 77 dB

Kjøring i bratte bakker L5AF 76 dB

(Gjestland T. T. & Haukland F, 2017, s. 8)

### Grenseverdi og buffersone

I Miljødirektoratet sin rettleiar er det tydeleggjort anbefalte grenseverdiar for støy, og minimumsavstand for buffersone til aktuelle område. For svært viktige kartlagde friluftslivsområde er det ein anbefalt grenseverdi på 40 dB, og ein anbefaler ei buffersone på minimum 450m. Anbefalt grenseverdi til bustad- og hytteområde er 60 dB med ei buffersone på minimum 60m.

*Tabell 1: Anbefalte grenseverdiar og minsteavstand for buffersone. Tabellen er henta frå Miljødirektoratets «Veiledning – støy og planlegging av snøskuterløyper» (2018) s. 6.*

| Område-type | Beskrivelse  | Anbefalt grenseverdi   | Minsteavstand (m) for buffersone                                     |
|-------------|--|------------------------|--|
| 1           | Svært viktige eller viktige friluftslivsområder, jf. verdsetting i forbindelse med kommunenes kartlegging etter veileder M98-2013. | L <sub>5AF</sub> 40 dB | 450  |
| 2           | Boliger, hytter og annen støyfølsom bebyggelse   | L <sub>5AF</sub> 60 dB | 60   |
| 3           | Områder langs eksisterende støykilder som vei, bane mv. der det allerede er trafikk av et betydelig omfang                         | Ingen grenseverdi      | Avstand fra eksisterende støykilde bør ikke overskride 30 – 50 meter |


### Det føreslegne området

Det føreslegne området strekk seg frå ca. 450 moh. Til ca. 750 moh. Og har noko variert utforming. Nedre del av området ligg under skoggrensa og har difor mykje naturleg støyskjerming, medan høgareliggande delar av området er meir opne. Heile området har ei kupert terrengutforming.

Området er forsøkt avgrensa slik at ingen bustad- eller hyttefelt er innanfor 60m frå yttergrensa av området. Dei næraste hyttefelta blir; Faleidestøylen om lag 180m frå yttergrensa, og hyttefeltet og gardstunet på Haugen, om lag 90m frå yttergrensa (med unntak av ei einsleg hytte/sel som ligg i det føreslegne området. Denne tilhøyrrer grunneigarane på gbnr. 141/1, og dei har sjølv utalt v/ Trude Iren Saure, at denne er lite brukt vinterstid og at det ikkje vil vere noko støyproblematikk knytt til den). Det er difor svært lite truleg at støynivået vil kome over grenseverdien på L<sub>5AF</sub> 60 dB. Denne delen av området har også mest naturleg støyskjerming i form av skog, og er i tillegg ein viktig del av



området med tanke på øvingsmomenta i læringsplanen. Hyttefeltet ved Haugen ligg også ved sida av kommunal veg og gardstun, og er difor eit område ein må anta allereie er noko støypåverka, sjølv om denne delen av vegen er lite trafikkert.



Figur 10: Avstand til nærliggande bustad og hytter. Det er om lag 90m til gardstunet og hyttefeltet på Haugen, og om lag 280m til næraste hytte på Faleidestøylen. Kjelde: Naturbase.

Heile det føreslegne området ligg plassert i eit større turområde som er kartlagt som svært viktig friluftslivsområde. Dette betyr at snøskuterkøyring vil medføre eit støynivå som går over den anbefalte grenseverdien på L5AF 40 dB. I desse områda er fråvær av menneskeskapt støy i utgangspunktet forventet. Kommunen må difor, i følgje rettleiaren, gjere ytterlegare vurderingar rundt:


### 1. Kor stor del av friluftslivsområdet som kan bli påverka

Kor langt støyen frå snøskuterkøyring ber er avhengig av mange faktorar:

- Køyring over islagde vatn kan generere støy som ber langt.
- Lyd ber lenger i ope terreng enn i tett skog.
- Lyd ber langt dersom snøskuterkøyringa går føre seg på ein eksponert rygg, i ein dal med lite støyskjerminga oppover, eller viss det er eit dalsøkk mellom løypa og mottakar.

- Bratte bakkar med behov for kraftig gasspådrag kan føre til høge støynivå – som igjen kan føre til auka rekkjevidde av støy.
- Variabel køyring med svingande hastigheit kan gje mykje lyd (Miljødirektoratet, 2018).

Ein må anta at området som kan bli støypåverka er mykje større enn det avgrensa området i kartet. Avhengig av faktorar som nemnt over og vêrforhold, kan lyden frå snøskuterkøyring høyrast frå svært lange avstandar. Fordi det ikkje skal fastsettast faste løypetraséar er det vanskeleg å vurdere nøyaktig kor langt lyden kan bere, då punktet for støykjelda vil variere i stor grad. Vi tek uansett utgangspunkt i den anbefalte minimumsavstanden for buffersone i rettleiaren, og reknar med at lyden kan gå over den anbefalte grenseverdien på 40 dB minimum 450m utanfor yttergrensa til området. Lyden kan nok også høyrast på endå lengre avstandar under visse forhold, sjølv om støynivået ikkje går over grenseverdien på 40 dB.



Figur 11: Det er venta at støynivået frå skuterkøyring i området kan overstige grenseverdien på L5AF 40 dB minimum 450 meter utover det avgrensa området. Buffersona på 450m er her markert i blått. Kjelde: Naturbase.

## 2. Kva bruk området har, og kva brukarkonfliktar som kan oppstå.

Det føreslegne området er ein del av eit større turområde utan tilrettelegging. Dette betyr at det heilt klart kan oppstå interessekonfliktar mellom friluftslivet og eventuell snøskuterkøyring. Sjølv om området er ein del av eit svært viktig friluftslivsområde, blir denne delen av området mindre brukt


enn andre. Det blir ikkje preparert skiløyper her, og fasilitetane er dårlegare enn andre stader. Her er ingen offentlege parkeringsmoglegheiter eller toalett for eksempel.

Mykje av trykket vinterstid er ved hoppbakkane sør for Bergsetnakken og mellom Ullsheim og Stryn Vinterski, der det er både parkering, fasilitetar og preparerte skiløyper. Det vil vere feil å seie at det føreslegne området ikkje er eit viktig friluftsområde, men andre stader er av opplagde grunnar viktigare.

Stryn Røde Kors nyttar allereie det føreslegne området til øving på snøskuter i tråd med godkjent øvingsplan, og dei har aldri opplevd interessekonfliktar av noko slag då dei har hatt øving der. Ein må forvise seg om at obligatorisk køyreopplæring klasse S, ikkje krasjar med Røde Kors sitt øvingsopplegg. Dette har dei allereie utalt at ikkje vil vere eit problem.

### 3. Kor mykje vi har av tilsvarande friluftslivsområder i kommunen.

Stryn kommune er velsigna med mykje flott, variert og utfordrande natur. Her er mange og store friluftslivsområde med høg verdi. I 2017 og 2018 kartla og verdsette kommunen til saman 317 friluftslivsområde. Heile 49 % av desse områda vart verdsette som svært viktige. Dei svært viktige og viktige friluftslivsområda utgjorde til saman 91 % av dei kartlagde områda. Det er difor svært vanskeleg å finne eit område som er eigna for snøskuteropplæring, som ikkje kjem i konflikt med friluftslivet på noko vis. Det er heller ikkje slik at det føreslegne området for snøskuteropplæring er like mykje brukt som friluftslivsområde vinterstid samanlikna med andre område i kommunen.



Figur 12: Syner kartlagde friluftslivsområder i delar av Stryn kommune. Den blå markøren markerer omtrentleg plassering av det føreslegne området for obligatorisk køyreopplæring klasse S. Kjelde: Naturbase

#### **4. Kva det vil bety å forringe kvaliteten på dette området sett i lys av friluftsområde som heilheit i kommunen.**

Å tillate snøskuteropplæring i det føreslegne området vil ikkje svekke friluftslivstilbodet i kommunen i særleg grad. Her er som nemnt mange viktige område for friluftsliv. Det føreslegne området går heller ikkje tapt som friluftsområde. Det vil framleis vere ope for fri ferdsel og vil berre vere påverka dei gongane det vert gjennomført obligatorisk køyreopplæring. Det er ikkje venta at terrenget vil ta skade av snøskuteropplæringa. Kvaliteten på området vil utan tvil verte noko forringa dei enkelte gongane det vert gjennomført kurs, på grunn av støy. Utover dette meiner vi at kvaliteten på området vil vere den same som tidlegare. I eit større perspektiv ser vi at området som kan bli negativt påverka av støy er større enn det føreslegne avgrensa området, men uansett vil ikkje dette påverke friluftslivstilbodet i kommunen som heilheit i særleg grad.

#### **5. Har området eit særleg godt støymiljø, eller påverkar andre støykjelder også?**

Området må seiast å ha eit godt støymiljø i dag. Dei nedre delane av området ved Haugen, er nok til ei viss grad påverka av andre støykjelder; gardstun, veg og hyttefelt. I tillegg nyttar som sagt Røde Kors området som øvingsområde ved enkelte høve. I området som heilheit er det lite menneskeskapt støy per i dag.

#### **6. Om det kan gjerast avbøtande tiltak.**

Ein kan legge til rette for god informasjonsflyt mellom kommune, trafikkskular og andre interesseorganisasjonar. Dette er viktig for å redusere aktørar i området på same tid. Det bør maks vere éin trafikkskule som har kurs i området om gongen. Ein må også syte for at kursa ikkje haldast samstundes med Røde Kors sine eigne opplegg. Ved å syte for at det er få aktørar i aksjon på same tid, haldast støynivået nede.

Sjølv om det ikkje skal fastsettast faste løypetraséar kan ein redusere støynivået mykje ved å unngå å køyre på dei mest utsette stadane. Det kan også informerast før kursoppstart, både digitalt, men også med skilt ved innfallsporten til området om at snøskuteropplæring går føre seg, slik at ein i størst mogleg grad unngår interessekonfliktar og uforutsette hendingar.

### **Konklusjon av støyvurderingane**

Det føreslegne området er avgrensa slik at det ligg utanfor minimumsavstanden til bustad- og hyttefelt jf. rettleiaren sine anbefalte grenseverdier. Det er difor ikkje naudsynt med vidare undersøkingar eller vurderingar. Men vi understrekar at eventuelle innspel frå naboar, hytteeigarar eller andre interessentar må vektleggast. Støyen frå snøskuterkøyring vil heilt klart forringe

kvaliteten på området som friluftslivsområde til ei viss grad. Vi ser likevel ikkje, basert på vurderingane som er gjort, at det vil påvirke friluftslivstilbodet i kommunen som heilheit. Området er lite brukt om vinteren i forhold til andre område, og eignar seg godt til det føreslegne føremålet.

## Kulturmiljø og verneområde

### Bustad- og hytteområde

Dei næraste bustad og hytteområda er Faleidestøylen(ca. 180m frå yttergrensa til det føreslegne området) og hyttefeltet ved Haugen(ca. 90 m frå yttergrensa). Elles er heile det føreslegne området del av eit større LNF 1-område jf. kommuneplanen sin arealdel. Det er ikkje planlagt nye hyttefelt i området.

### Villrein- og verneområde

I Stryn kommune har vi 6 område og 1 naturminne verna etter Lov om naturmangfald (tidlegare naturvernlova):

Nasjonalpark:

- Jostedalsbreen nasjonalpark (totalt 1314 km<sup>2</sup>, der ein vesentleg del ligg i Stryn kommune)

Naturreservat:

- Flostranda - edellauskog (1814 dekar)
- Storedalen - skog, verna etter reglane for frivillig vern (9077 dekar)
- Tvinna - myr (5076 dekar)
- Tjønnane - myr (483 dekar)
- Prestestøylen - myr (710 dekar)


Naturminne:

- Hatleim naturminne (ei furu på Blakset)

Ingen av desse verneområda kjem i konflikt med det føreslegne området for snøskuteropplæring på nokon måte. Det er heller ingen nye planlagde verneområde som kan kome i konflikt i framtida.

Det er to nasjonale villreinområde der delar ligg i Stryn kommune: Svartebotnen villreinområde og Reinheimen-Breheimen villreinområde. Svartebotnen ligg på andre sida av fjorden og reinheimen-Breheimen ligg svært langt unna det føreslegne området. Det er heller ingen villreinområde i nabokommunane som ein treng å vise omsyn til. Observasjonar av villrein i det føreslegne området

og nærliggande område er svært uvanleg. Det er difor ingen spesielle omsyn ein treng å ta i forhold til villrein og verneområde.




Figur 13: Dei raude skraverte felta er vedtekne verneområde medan dei blå prikkete er nasjonale villreinområde. Det føreslegne området for obligatorisk snøskuteropplæring er her markert i grønt. Kjelde: Naturbase.

## Kulturminne og kulturmiljø

I Stryn kommune går den Trondhjemske postvei frå fjorden ved Faleide over Markane til Volda kommune. Denne kjem ikkje i konflikt med det føreslegne området på nokon måte. Det er heller ingen andre kulturmiljø å vise omsyn til.

Det er ingen registrerte kulturminne med automatisk verneverdi i eller ved det føreslegne området. Det er derimot ei SEFRAK-registrert bygning; ruinar etter eit gammalt sel. At ei bygning er registrert i SEFRAK (SEkreteriatet For Registrering Av faste Kulturminner) gjev det ikkje automatisk vernestatus. Vi vurderer uansett at det ikkje vil ta skade av snøskuterkjøring i området. Eventuelt kan området avgrensast slik at den registrerte bygningen kjem utanfor området. Men Nordfjord Trafikk v. Even A. Dispen har utalt at dette området er viktig i høve øvingsmomenta i læringsplanen, og det er difor ønskjeleg at det er med.



Figur 14: Registrerte kulturminner og SEFRAK-registrerte bygningar (markert med trekantar i kartet). Den brune løypa er den Trondhjemske postve. Kjelde: Naturbase.

## Tryggleik

### Skredfare

For å vurdere skredfaren i området har vi lagt temakart frå NVE til grunn. Både aktsemdskart, hellingsgrad-kart og tidlegare registrerte skred ligg til grunn for vurderingane. Det er ei stor utfordring i seg sjølv å finne eit eigna område for snøskuteropplæring som oppfyller krava i læringsplanen, som ikkje inneheld eit visst risikomoment i høve skredfare. Store delar av utmarksområda i Stryn kommune er prega av fjellformasjonar og dermed stor skredfare av ulikt slag.




Figur 15: Aktsemdsområde for snøskred i delar av Stryn kommune, kjelde: NVE.

### **Aktsemdsområde**

Det føreslegne området er likevel lite skredutsett, sett i forhold til mange andre tilsvarende område. Etter ein sjekk i NVE sine kart og databasar, er det ikkje noko skredfare i høve steinsprang eller jord- og flaumskred i området. Det er derimot to små aktsemdsområde for snøskred markert innanfor det føreslegne området. Der er også ein del små parti som har ei hellingsgrad som aukar sjansen for snøskred, men desse er små og spreidd utover nær sagt heile området.





Figur 16: Figur 2 Aktsemdsomsråde for snøskred i det føreslegne området. Aktsemdsomsråde er markert med raude prikkete felt. Det blå innanfor desse raude områda, indikerer at skogen har betydning for skredfare. Dei heiltrukne områda indikerer hellingsgrad der raudt er stor hellingsgrad og grønt lav. Kjelde: NVE.

Aktsemdsomsråda i det føreslegne området er forholdsvis små; om lag 125m x 75m på det største, og utgjør sånn sett ikkje ein stor del av det totale arealet. Det går riktig nok stiar gjennom dei begge, men det er noko usikkert kor naudsynt det er å nytte desse ved snøskuteropplæring. Dei aktuelle aktsemdsomsråda er ikkje påverka av skogen. Om skogen her skulle fjernast, vil det korkje auke eller minimere skredfare i særleg grad.

Området som heilheit må seisast å vere lite skredutsett samanlikna med nærliggande område. Det er vanskeleg å avgrense området på ein måte som gjer at ein unngår aktsemdsomsråda. I so fall ville det avgrensa området fått ei uforholdsmessig utforming som var vanskeleg å forhalde seg til i felt. Ein er heller ikkje avhengig av å køyre i aktsemdsomsråda, og som eit avbøtande tiltak kan ein kanskje forsøke å informere om dei ved hjelp av kart, slik at ein unngår å køyre i dei. Sjansen for snøskred er, på grunn av terrengutforminga til stades, men i NVE sine databasar er det aldri registrert skred i det føreslegne området.

## Skredhendingar



Figur 17: Figur 3 Skredhendingar i områda rundt det føreslegne området. Kjelde: NVE

Det er, ikkje overraskande, gjort svært mange registreringar av skred i Stryn kommune. Det er derimot ikkje registrert skred i det føreslegne området, ei heller i nærliggande område. Dette betyr sjølvsagt ikkje at det aldri har gått skred i området. Som ein ser i figur 17 er dei fleste registrerte skredhendingane knytt til veg og tettstadar. Terskelen for å registrere skred her er nok betydeleg lågare enn i fjellet. Vi legg difor føre-var-prinsippet til grunn, og aktsemdsområda og terrengutforminga må vektleggast meir enn skredhistorikken.

## Vurdering

Snøskredfaren er til stades i det føreslegne området sjølv om det ikkje er registrert skredhendingar i NVE sine databasar. Det kan likevel ikkje seiast å vere stor skredfare i området. Aktsemdsområda er små og området som heilheit har lita skredfare. Det er også vanskeleg å finne tilsvarande utmarksområde utan nokon risiko for snøskred. Vi ser derimot tryggleik som det aller viktigaste aspektet å vurdere ved fastsetting av område for obligatorisk køyreopplæring med snøskuter, og understrekar difor at Statsforvaltaren må vektlegge skredfaren i stor grad i si vurdering.


## Vêrtilhøve

Dei generelle vêrtilhøva i Nordfjord er prega av milde vintrar med mykje nedbør. Det er også forventet at det blir endå våtare og mildare i åra framover. Det finnst naturlegvis ikkje målingar og statistikk spesifikt for det føreslegne området. Vurderingane rundt vêrtilhøve er difor gjort med grunnlag i registreringar frå SeNorge. Data som temakrata bygger på er basert på målingar frå

nærliggande, tilgjengelege målestasjonar (Stryn, Stryn-Kroken, Markane mfl.). Det føreslegne området skil seg ikkje frå nærliggande område og følger dei same tendensane som fjellområde elles i regionen.

## Nedbør

Basert på data frå dei 30 siste åra (1991-2020) har årleg nedbørsmengd variert frå 500-750mm dei tørraste åra, til mellom 1000-1500mm dei våtaste. Sjølv om det er forventa ei auke i nedbørsmengd i store delar av Vestlandet, er nedbørsmengda for det føreslegne området venta å halde seg stabil. Nedbørsforholda har også vore forholdsvis stabile dei siste 30 åra. Ved svært få høve har årsnedbøravviket vore stort. Årleg nedbørsmengd ligg som regel på normalen kvart år med eit par år som unntak, der det har vore både meir eller mindre enn normalen. Basert på tal på dagar med over 25 cm snø i april månad dei siste åra, kjem nedbøren truleg som snø frå november-mars/april i det føreslegne området.



Figur 18: Årleg nedbørsmengd for 2023. Den årlege nedbørsmengda vik sjeldan stort frå normalen, og ligg stort sett på 750-1000mm i året. Kjelde: SeNorge.

## Temperatur

Temperaturen endrar seg frå dag til dag og varierer i stor grad. Årleg og månadleg middeltemperatur leggast difor til grunn for å vurdere temperaturen i området. Gjennomsnittstemperaturen i området dei siste 30 åra var 4-6°C. Det er derimot meir interessant å sjå på månadleg middeltemperatur i vinterhalvåret.

Den månedlege middeltemperaturen tilseier at ein som regel kan forvente minusgrader frå november til og med mars. Elles varierer det i stor grad frå år til år. Temperaturen sett i samband med tal på dagar med meir enn 25 cm snø i april, tilseier også at snøen normalt ikkje smeltar ordentleg før ut mot mai.


Middeltemperatur for desember-februar ligg normalt mellom -1 til -5°C. Middeltemperaturen for november, mars og april varierer i større grad frå år til år i forhold til desember-februar, men ligg normalt mellom -3°C og 3°C.

## Vind

Det er lite data å hente med tanke på vindforholda i området. Vi tek difor utgangspunkt i at vindforholda er relative til høgdelaget området ligg i. Området stikk seg korkje ut i negativ eller positiv forstand med tanke på vind, og vi antar at vindforholda er som ein kan forvente i fjellområde generelt.

## Mobildekning

I følge dekningskart frå ulike leverandørar er det full telefondekning i heile området. Dekningskarta gjev berre ein peikepinn på telefondekninga i ulike område og kan ikkje garantere dekning somme stadar. Informasjonen presentert i dekningskartet under er basert på teoretiske utrekningar og dekninga som opplevast kan variere frå det som indikerast i kartet. Basert på dekningskart og det vi veit om området elles, er det høgst truleg god telefondekning i heile området som er foreslått for obligatorisk snøskuteropplæring. Grunneigar Even A. Dispen stadfestar i tillegg at det er god telefondekning i området.



Figur 19: Dekningskart frå Telenor. Kartet gjev berre ein indikasjon på kor god dekninga er i dei ulike områda og kan ikkje garantere dekning enkelte stadar. Kjelde: Telenor.

## Innspel frå interesseorganisasjonar

Stryn kommune ser det som samfunnsnyttig å få etablert eit område for obligatorisk snøskuteropplæring i Stryn. Vi trur dette vil gjere terskelen lågare for organisasjonar for å sende sine medlem/tilsette på kurs og ta førarkort klasse S. For å kartlegge om dette stemmer og behovet for å få etablert eit slikt område her er til stades, har vi kontakta Stryn Røde Kors v/Johnny Rustøen, Harpefossen skisenter v/ Vidar Haugland, Stryn Vinterski v/ Rolf Olav Flo, SNO v/ Rune Holen, Linja v/ Kristian Vassbottn og Nordfjord Trafikk v/ Even Andreas Dispen. SNO ville ikkje kome med innspel i denne omgang og understreka at dei er nøytrale. Vi har også kontakta Indre Nordfjord Turlag for å vurdere bruken og turaktiviteten i området.

Indre Nordfjord Turlag v/ Olav Auflem forklarte at det mest truleg er liten aktivitet i området vinterstid. Dette er fordi det ikkje er mange naturlege innfallsportar til området og at det ikkje er noko tilrettelegging i form av skiløyper og liknande. Grunneigarane vi har prata med er av same oppfatning.

Felles for dei andre som vart kontakta var eit dei ser eit tydeleg behov for å få etablert eit slikt område i Stryn. Det er både utfordrande, tidkrevjande og kostbart å sende medlem/tilsette på kurs når reisevegen er så lang som den er i dag (næraste område i Voss). Alle dei spurde har behov for å ha kompetente snøskuterførarar til ei kvar tid, og det er stadig behov for at nye kursast. Terskelen ville nok blitt betydeleg lågare for folk å ta førarkort klasse S, dersom ein kunne tilby den praktiske køyreopplæringa i våre nærområde. Røde Kors understrekar også eit viktig poeng; om ein kan halde kursa i Stryn, slepp ein å ta viktig beredskapsutstyr ut av kommunen.

Nordfjord Trafikk v/ Even A. Dispen understreka også at området er svært godt eigna med tanke på ulike nivå i opplæringa, der nedre del av området er særskilt godt eigna til den tekniske delen av opplæringa (trinn 2), medan fjellområda gjev viktig variasjon i terreng/vanskegrad for å nå måla i læreplanen.

Vi har også kontakta grunneigarane på gbnr. 141/1 og 142/1 v/Even Andreas Dispen og Trude Iren Saure. Dette er dei einaste eigedomane som vert direkte råka slik som avgrensinga av området er føreslått. Dei er positive til at området kan bli brukt til noko samfunnsnyttig og understrekar at det er lite aktivitet i området vinterstid. Dei ynskjer å få på plass ei skriftleg avtale dersom ein går vidare i prosessen med å få etablert området som godkjent øvingsområde. Dette er kommunen einig i, og vi vil kome tilbake til dette dersom Statsforvaltaren meiner det er grunnlag for å gå vidare med prosessen.

Kommunen har kontakta alle interesseorganisasjonane nemnt over på telefon, og vi har i tillegg fått skriftlege tilbakemeldingar frå nokre av dei. Dei skriftlege tilbakemeldingane vert lagt ved som vedlegg.

## Kjelder:

Gjestland, T. T. & Haukland, F. (2017). *Støy fra snøscooterløyper (SINTEF rapport 2017-00612)* SINTEF.

[SINTEF Open: Støy fra snøscooterløyper \(unit.no\)](https://open.unit.no/)

Miljødirektoratet. (2018). *Veiledning – støy og planlegging av snøskuterløyper.*

[veileder\\_stoy\\_snoskuterloyper.pdf \(miljodirektoratet.no\)](https://www.miljodirektoratet.no/veileder-stoy-snoskuterloyper.pdf)





Helsing

Stryn kommune, avdeling berekraft og næring

Eivind Evebø

sakshandsamar miljø

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Kopi til:**

Even A. Dispen

Robjørgane 190

Trude Iren Saure

**Vedlegg:**

|  |         |            |
|--|---------|------------|
| Innspel_frå_Nordfjord_Trafikk              | 1628757 | 18.03.2024 |
| Innspel_frå_Breimsbygda_skisenter          | 1628759 | 18.03.2024 |
| Innspel_frå_Røde_Kors                      | 1628761 | 18.03.2024 |
| Innspel_frå_Stryn_Vinterski                | 1628762 | 18.03.2024 |
| Område for obligatorisk snøskuteropplæring | 1628884 | 18.03.2024 |